



## Referat leiarmøte HSG

Referat frå leiarsamlinga HSG fredag 28. oktober 2011

### Hotell Airport Hotell Flesland Clarion Bergen

Leiar i Hordaland Sau og Geit Nils Inge Hitland ønskte alle velkomne til leiarmøte.

Det var 37 fram møtte frå lokallag, nemnder og ander gjester.

Hitland orienterte om kvifor HSG så det som naturleg og legga leiarmøte i lag med Agro Hordaland.

Deretter var han innom slaktesesongen 2011, Han peika spesielt på den våte sommaren som hadde vert og dei utfordringane dette førte til med blant anna lettare lam og mindre fett på lamma. Nedsett tilvekst fører til at lamma kjem og for seint til slakt i forhold til sluttmarknaden.

Ei anna utfordring er at mange lam må sluttforast som i igjen fører til bruk av vinterforet til lamma. Det er ikkje meir grovfôr en ein treng gjennom vinteren.

HSG vil få i stand kurs for bruk av Heimesida. Det er nokre få lag som er komet i gang, men i alt 10 lag har meldt sinn interesse så langt.

#### **Arne Flatabø:**

Har vert i NSG sidan 1981. Har stortsett hatt ansvaret for nettsida til NSG med oppstart på slutten av -90 talle og fram til 2005 og heile oppdateringa på web fram til i dag.

Flatabø viste korleis lokalaga kan opparbeida si heimesida med informasjon og korleis den til ei kvar tid må oppdaterast.

I dag er det 10 av 32 lokallag i Hordaland som er i gang!

Det er viktig at det er personar som er spesielt interessert som har denne oppgåva.

Legger ein ut info eller bilde er det viktig at ein skriv kven som har eigarretten for å unngå konflikt.

Det er og god praksis og spør om lov om og få bruka andre sine bilde.

Flatabø seier at han er meir enn villig til og hjelpa til slik at lokallaga kjem godt i gang.

Nils Inge Hitland takka Flatabø for godt innlegg.

### **Ove Ommundsen: NSG sin jobb for og påverka politiske myndheter. Kva kan eg som leiar i mitt lokallag gjera for at småfe får bestmogeleg vilkår i min kommune**

Ove Ommundsen måtte diverre melde forfall grunna sjukdom.

Då er det godt å ha sporty kollegaar som Flatabø som tok utfordringa og framførte innlegget for Ommundsen.

Flatabø: Er ikkje noko nytt å driva med politikk i NSG!

- NSG aktive i forhold til jordbruksavtalen
- Via lokallaga og Fylkeslaga
- Godt nettverk for og synleggjera næringa sine behov
- Bruk teneste vei for saker der vil ta opp
- Spel på lokalepolitikarar i saker som bandtvang. det er kommunane som fastsetter
  
- Reguleringsplanar i kommunane, går dette utover beiterettar?

Ole Andreas Våge Kva gjer NSG med dei buskapane som ikkje er "standard" størrelse dei over 100?

NSG har ikkje noko forskjell på liten og stor i sin politikk! NSG tek vare på alle!

Innspel frå frammøtte:

Avfolking av sau i enkelte områder i Hordaland er ein utfordring. HSG må ta dette opp som sak. Få til møte for utredning.

### **Beiteprosjektet v/Svanhild Aksnes Fylkesmannen:**

Aksnes snakka om nasjonalt beiteprosjekt.

Beiteutvalet i Hordaland held møteserie rundt om i fylke.

Fylke har og starta opp prosjekt "Radiobjølla" Dette er eit prosjekt i lag med Fylkesmannen HSG og Norsk Landbruksrådgivning.

Det er sistnemnde som er prosjektdrivar.

Er beitelag med store tap som er prioritert. Det er sett ut 105 bjøller i 2011

Saueprosjektet ser på blant annan:

- Store utfordringar
- Driftsforhold
- Rekruttering
- Sanking tomme områder

Tankar:

- Fadderprosjekt
- Mentorprosjekt
- Sanking

Innspel til beiteutvalet er bra for og innspel om endringar er nødvendige.

Nils Inge viste Radiobjølla i bruk via sin PC

#### **Lokalaga sin time:**

- Kan Beiteutvalet så på dekning av mobilnett?
- Samarbeid med Turlag, Rødekors og Hjelpekorps
- Er det støtt til ekstraordinære tap på sommarbeite?
- Viktig at beitelaga registrer normaltap

#### **Avlsutvalet:**

- Tak over hovudet når regnet høljar ned
- Helst tørre lam til kåring
- Litt større kåringsbingar
- Lam etter mødrer med "lyte" må ikkje møta til kåring
- Kåringa har gått stort sett bra!
- Bør ein sei nei til sal av ukåra værlam?
- Er prisen for høg på kåra værlam?

#### **Gjetarhundnemnda:**

- Er viktig med gode egenskaper hos gjeterhunden
- Opplæring av gode instruktører
- Bruk instruktører i lokallaga
- Kan Hordaland stå som arrangør for NM i Gjetarhund i 2013

Positiv tilbakemelding frå frammøtte!

Ref

Karluf Håkull